

## Smittevernplan kyrkjelege handlingar – Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd (BjKF)

### FORSLAG DRØFTA I DRØFTINGSMØTE 11.MAI 2020

Tiltak	Ansvar	Utført
Kurs for alle tilsette som skal tenestegjere i gudstenester	BjKF i samarbeid med prostene	
Kurs av lokale frivillige (medliturgar, kyrkjevertar mv)	Administrasjonsleiar/Frivilligkoord. og sokneprest	
Handsprit ved inngangen, alter, talerstol/lesepult, orgel og døypefont. Sørge for at alle som kjem til kyrkje nyttar det. Noko lokal vurdering av tal på stasjonar kan gjerast.	BjKF skaffer, kyrkjetenar set ut i kyrkja. Kyrkjevert/kyrkjetenar sørger for at folk nyttar det.	
Følge lokal reinhaldsplan.	Kyrkjetenar har ansvar for reinhald, og med særleg fokus på dørhandtak, lysglobe, lesepult, døypefat m.v. og kyrkjebenkar, talarstol, mikrofon og alter/alterring. Kyrkjetenar avklarar med kantor kven som gjer rein spelepulten.	
Sørge for at plakatar om god hand- og hostehygiene er godt synleg.	Administrasjonsleiar eller frivillighetskoordinator	
Frivillig bruk av munnbind for tilsette/frivillige som passer inngangsdøra	BjKF skaffer, administrasjonsleiar sørger for at munnbind er tilgjengeleg i kyrkja.	
Merke tydeleg av kor folk ikkje kan sitje. Sørge for god avstand, minimum 1 meter. Dei som kjem frå same husstand kan sitje saman utan omsyn til avstand.	Kyrkjetenar	
Fjerne lause puter som folk nyttar i kyrkja. (puter som ligg fast i benkane kan liggje)	Kyrkjetenar	
Før seremonien, ha ein plan for korleis unngå trengsel ved inngang/utgang og nattverd	Prest og kyrkjetenar	
Bruk av trykte program eller prosjektor– ikkje salmebøker	Prest	
Evt ekstra utstyr som skal berast inn i kyrkja - må gjerast i god tid før gudstenesta. Dette utstyret må reingjerast før bruk.	Kyrkjetenar	

<p>Passe på max tal – 50 pers. eksklusive tilsette og frivillige. Lokalet må være stort nok til at krava til avstand kan overhaldast. Kvar kyrkje skal ha eit makstal, talet kan difor bli færre enn 50 i nokre kyrkjer.</p>	<p>Kyrkjevert har eit ansvar for å telje i døra, registrere namn, og lukke når talet er 50 (eller det maksimale talet som gjeld for denne kyrkja). Prest har ansvar for at reglar for antal og avstand vert overhalde. Lister med namn destruerast etter tre veker, eller etter nærmare sentrale bestemmelse.</p>	<p>.</p>
<p>Setje opp skilt når kyrkja er full</p>	<p>Kyrkjjetenar i samarbeid med kyrkjevert</p>	
<p>Ofring – oppfordre til innsamling på Vipps. Kan nytte vanleg kollekt, men den skal i så fall vere ved utgangen, og leggjast i ei korg som er plassert der.</p>	<p>Prest og kyrkjjetenar</p>	
<p>Viss nokon vert sjuke under gudstenesta. Sørge for at vedkomande dreg frå kyrkja og får tildelt munnbind. Det skal presiserast på oppslag og annan informasjon om at sjuke menneske ikkje skal oppsøkje kyrkja.</p>	<p>Kyrkjjetenar. Tilsette/frivillige som har symptom har ansvar for å halde seg heime, melde frå til administrasjonsleiar.</p>	
<p><b>Dåp -</b> Dåpsfølgjet som står ved døypefonten saman med presten, bør bestå av få personer. 1.Under føresetnad av grundig handvask i forkant, kan dåpshandlinga gjennomførast på vanleg måte utan bruk av hanskar: Å teikne korsets teikn på panna, ause vatn over barnet sit hovude, tørke av hovudet på barnet og handspålegging. 2.Papirserviett nyttast til å tørke hovudet på barnet. Tøyserviett kan nyttast om dåpsfølgjet handterer denne. Andre løysingar som tek omsyn til smittevernet kan vurderast. 3. Ein rår til at presten eventuelt lar ein i dåpsfølgjet løfte barnet fram for kyrkjelyden i etterkant av dåpshandlinga, og at barnet</p>	<p>Prest</p>	

<p>vert halde av same person gjennom dåpshandlinga/gudstenesta.</p>		
<p><b>Nattverd –</b>  <i>Førebuing:</i>  Ein føreset god handhygiene frå kyrkjetenar i førebuinga av nattverden.  Brød er av presten om ikkje anna er avtala lagt på disken(e) i forkant av seremonien. Vert vidare dekkja til med plast eller sølvpapir/folie før det vert sett inn på alteret. Her kan ein leggje på det tal oblatar ein forventer.  Vin vert helt i kalken i forkant av seremonien og dekkja til med plast eller sølvpapir/folie. Plasserast så på alteret.  Prest vasker hender rett før gudstenesta.  <i>Gjennomføring:</i>  Nattverd vert gjennomført på ein slik måte at det ikkje er direkte kontakt mellom nattverdutdelar, brød/vin og deltakarar (kommunikantar).</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Presten spritar seg synleg for å skape tryggleik for deltakarane.</li> <li>• Folie (plast eller sølvpapir) behaldast over elementa gjennom heile innstiftingsseremonien.</li> <li>• Deltakarane tek med beger og rekk fram, mottek brødet i begeret og tek sjølv</li> </ul>	<p>Prest og kyrkjetenar</p>	

<p>brødet i munnen. Deretter held ein som vanleg fram og vinen hellast i. Tilsigelsesorda som vanleg til kvar deltakar.</p> <p>Ein rår til at det vert ståande nattverd.</p>		
<p>Unngå samanstimling ved utgang.</p>	<p>Kyrkjevert/kyrkjetenar. Kan nemnast i kunngjeringane og ved utsending.</p>	
<p>Anna:</p>	<p>Presten er prosjektleiar for gudstenesta og har eit hovudansvar for smittevern. Kyrkjetenar deltek aktivt i teamet for å sørge for at smittevern vert overhalde og melder til presten viss han/ho meiner vi har eit problem.</p>	